

## Sak 7 Endring styringsføresegnene § 12 Valnemnda

Styret ønskjer å endre § 12 slik at årsmøtet ikkje skal å velje varamedlemmer til valnemnda.

Paragrafen vart sist endra i 2019 slik at det er særлага som skal utpeike kva sin medlem til valnemnda, dvs. fire medlemmer. Det skal vere fem medlemmer i nemnda, og denne femte medlemmen skal veljast ved listeval på årsmøtet. I praksis har denne personen etter fullmakt vorte utpeikt av lagsstyret.

Fram til vi gjorde endringa med utpeiking av særлага, var det vanskeleg å fylle opp valnemnda, og det har difor i praksis heller ikkje vore varamedlemmer på fleire år. Styret meiner den ordninga vi har i dag fungerer, og ønskjer vi endrar paragrafen slik at han er i samsvar med praksis.

I tillegg vil vi rette ein referanse. Note (1) viser til Lagslova § 9. Dette skal vere styringsføresegnene § 9. Lagslova § 9 handlar om rådsmøte og vedtak, som ikkje har noko med valnemnda å gjere. Derimot handlar § 9 i styringsføresegnene om val til visse ombod i laget, m.a. valnemnda.

Endring av styringsføresegnene skal gjerast etter § 31 i styringsføresegnene, som krev at saka er skriftleg grunngjeven, kunngjort som ei lovendring, og vedteken med vanleg fleirtal på eit årsmøte.

### Framlegg til vedtak:

Stryke "med 4 vare medlemmer" i første setning.

Endre Note (1) frå L § 9 til S § 9

Ordlyd i dag med framlegg til retting, der sletting er ~~overstreka~~ og nytt framlegg understreka.

### § 12 Valnemnda

Valnemnda<sup>(1)</sup> har 5 medlemmer ~~med 4 vara medlemmer~~. Valet vert skipa etter reglane for listeval i § 11<sup>(2)</sup>, men slik at særлага skal kome med framlegg til minst ein kandidat kvar. Ingen kan vera med i valnemnda i meir enn 3 år på rad. Nemnda vel leiar og nestleiar seg imellom.

Nemnda skal koma med eitt framlegg til val på dei ombodsfolka som årsmøtet vel etter lova § 11 nr. 8, nr. 9 og nr. 10<sup>(3)</sup>, unnateke valnemnda. Nemnda må ikkje gjera framlegg om andre enn dei som har sagt seg viljuge til å taka mot val.

Nemnda si tilråding skal vera mangfaldig til utgjeving minst ei veke før årsmøtet, og skal delast ut på møtet. Det skal gå fram av tilrådinga kven som står på val og kven som står att. Dersom valnemnda ikkje kjem fram til samrøystes framlegg, skal det gå klart fram kven i nemnda som står dei ulike framlegga.

(1) ~~L~~ S § 9. (2) S § 11. (3) Jf. S § 9.

## Ny § 12 i styringsføresegnene skal lyde:

### § 12 Valnemnda

Valnemnda<sup>(1)</sup> har 5 medlemer. Valet vert skipa etter reglane for listeval i § 11<sup>(2)</sup>, men slik at særлага skal kome med framlegg til minst ein kandidat kvar. Ingen kan vera med i valnemnda i meir enn 3 år på rad. Nemnda vel leiar og nestleiar seg imellom.

Nemnda skal koma med eitt framlegg til val på dei ombodsfolka som årsmøtet vel etter lova § 11 nr. 8, nr. 9 og nr. 10<sup>(3)</sup>, unnateke valnemnda. Nemnda må ikkje gjera framlegg om andre enn dei som har sagt seg viljuge til å taka mot val.

Nemnda si tilråding skal vera mangfaldig til utgjeving minst ei veke før årsmøtet, og skal delast ut på møtet. Det skal gå fram av tilrådinga kven som står på val og kven som står att. Dersom valnemnda ikkje kjem fram til samrøystes framlegg, skal det gå klart fram kven i nemnda som stør dei ulike framlegga.

(1) S § 9. (2) S § 11. (3) Jf. S § 9.